



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2026/4900 - 432.2

Dato 24.04.2026

Protokoll 24.04.26

Sakene: 1/26 - 5/26
Møtestad: Teams
Dato: 24.04.26

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Ragnhild Sølberg
Kathrine Kvåle Haatvedt

Følgjande varamedlemmer deltok:

Birger Hovden

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Baiba Sheine

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 2/26 Søknad om å senke terreng ved hytte – Gnr. 21 bnr. 2 Nåpåtjønn 2 i Hjartdal kommune – Andres Ryen

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Andres Ryen løyve til graving og flytting av masse, for å senke terreng vest for hytta ved Nåpåtjønn 2, gnr. 21 bnr. 2 i Hjartdal kommune, som vist i kartutsnitt og beskriven i søknad dagsett 13.04.26. Løyvet gjeld og for bruk og transport av landbrukstraktor langs etablert traktorslepe til eigedomen, i samband med tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 15.06.26 - 31.12.26.
- Arbeidet kan ikkje starte opp før *etter 15. juni* av omsyn til yngletid og sårbart dyreliv.
- Køyring og transport av landbrukstraktor etter slepa inn til området skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor og liknande.
- Graving må gjerast så fint og skånsamt som mogleg. Skråninga skal såast til med gras i etterkant.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det utførte arbeidet frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til natur- og kulturverdiane i området under anleggsarbeidet.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og anna dyreliv og sikre at dei ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta og naturmangfaldslova. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Andres Ryen.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Andres Ryen løyve til graving og flytting av masse, for å senke terreng vest for hytta ved Nápåtjønn 2, gnr. 21 bnr. 2 i Hjartdal kommune, som vist i kartutsnitt og beskriven i søknad dagsett 13.04.26. Løyvet gjeld og for bruk og transport av landbrukstraktor langs etablert traktorslepe til eigedomen, i samband med tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 15.06.26 - 31.12.26.
- Arbeidet kan ikkje starte opp før *etter 15. juni* av omsyn til yngletid og sårbart dyreliv.
- Køyring og transport av landbrukstraktor etter slepa inn til området skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor og liknande.
- Graving må gjerast så fint og skånsamt som mogleg. Skråninga skal såast til med gras i etterkant.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det utførte arbeidet frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til natur- og kulturverdiane i området under anleggsarbeidet.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og anna dyreliv og sikre at dei ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta og naturmangfaldslova. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Kлага rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Andres Ryen.

Sak 3/26 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 4/26 Eventuelt

Forvaltar orienterte kort om tildelte midlar frå Miljødirektoratet for 2026. Midlar vart innvilga som søkt. Styret har fått ein pott på kr. 200.000 til tiltaksmidlar, som skal nyttast til arbeid med informasjonstavler og skjøtsels- og kulturlandskapstiltak. Styret har også fått kr. 200.000 i driftsmidlar.

Forvaltar orienterte om kva som er gjort så langt når det gjeld oppføring av informasjonstavler, og kva som prioriterast i tida framover. Det skal førast opp fleire informasjonstavler på ulike stader rundt verneområdet, og det blir nokre synfaringar knytt til dette. Ein skal i tillegg fylgje opp mogleg skjøtsels- og kulturlandskapstiltak som til dømes rydding av gjengrodde setervollar. Forvaltar fylgjer opp dette.

Det vart orientert om nyleg gjevne godkjenningar av detaljplan for miljø og landskap frå NVE, knytt til Heiåi og Bjordøla bekkeinntak som ligg i verneområdet.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Miljødirektoratet sendte nyleg ut eit høyringsdokument med forslag til organisering av verneområdeforvaltarar. Bakgrunnen er at Miljødirektoratet i mars 2025 fekk eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet om å gjennomgå verneområdeforvalternes organisasjonsmessige tilknytning og øvrige organisering, og vurdere om det bør gjerast endringar for å styrke forvaltinga av verneområda. Direktoratets anbefaling i høyringsdokumentet er følgjande:

Miljødirektoratet anbefaler alternativ 2 – Å samle arbeidsgiveransvaret hos et fåtall statsforvaltere som modell for vidare organisering av verneområdeforvalterne.

Styret drøfta kort, og korkje verneområdeforvaltar eller styret hadde noko sterke synspunkt på direktoratets tilråding.

Sak 5/26 Neste møte

Neste styremøte blir måndag 15. juni kl. 10 – 13.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver